



Informasjon om

FRITIDSKORTET



til lag og organisasjonar

Til alle lag og organisasjonar i Kvinnherad kommune

Vi er glade for at Kvinnherad kommune har vedteke å innføra Fritidskortet for å kunne gje fleire born og unge høve til å delta på organiserte fritidsaktivitetar. Fritidskortet er ei økonomisk støtteordning til familiar som har behov for å få dekkja kostnader knytt til bornas fritidsaktivitetar (6-18 år). I prøveperioden skal støtteordninga vere behovsprøvd, og rette seg mot 20% av målgruppa. Kvart born kan få inntil 2000,- refundert pr halvår for å delta på ein fritidsaktivitet. Ordninga med Fritidskortet er knytt til Fritidserklæringa Vestland, der visjonen er:

**«Alle barn og unge skal kunne
delta jamleg i minst éin organisert
fritidsaktivitet i lag med andre.»**

Fritidserklæringa Vestland

Fritidskortet skal administrerast via Friskus.com. Friskus har vore ei kommunal satsing i mange år, og fleire lag og organisasjonar brukar arrangørsidene sine aktivt.

For at born og unge skal få refundert kostnaden knytt til fritidsaktiviteten, må laget/organisasjonen først vere registrert på Friskus med ei arrangørside. Når dette steget er i boks, må de kople organisasjonen opp mot Fritidskortet. Dette er ein eingongsjobb. Når laget/organisasjonen er registrert, vil det ikkje vera noko meir jobb knytt til Fritidskortet, då all utbetaling skjer via Frivilligsentralen og andre tenesteapparat i kommunen. Laget/organisasjonen har heller ikkje innsyn i kva for deltakarar som eventuelt nyttar seg av Fritidskortet.

Vi håpar lag og organisasjonar i kommunen tek seg tid til å registrere seg, slik at born og unge som treng økonomisk støtte har mange lag og organisasjonar å velje mellom. Under ligg rettleiingar for korleis ein registrerer seg, men vi bistår gjerne med hjelp dersom de har utfordringar med å få dette til. Dersom de ynskjer meir informasjon om Fritidskortet, så blir vi gjerne med på møte i laget/organisasjonen.

Ikkje nøl med å ta kontakt om det skulle vere noko!

Beste helsing

Benedichte Indergård Sandvik, Kvinnherad Frivilligsentral

Benedichte.indergard.sandvik@kvinnherad.kommune.no

Tlf: 95 92 03 74

KORLEIS OPPRETTE FRISKUSKONTO

Gå inn på Kvinnherad.friskus.com

Klikk på «Logg inn», og logg inn med eksisterende brukar, eller opprett ny dersom du ikkje har brukar

1:

Friskus Kvinnherad AKTIVITETER ARRANGØRER FRITIDSKORT BLI ARRANGØR LOGG INN NO

VELKOMMEN

Lag ny brukar eller logg inn med eksisterende.
Brukernavnet er din epost eller ditt telefonnummer

[Glemt passord?](#)

Telefonnummer eller e-post *

Neste

2:

NY BRUKER

Vi har send deg en kode på e-post
[redacted]@hotmail.com for å verifisere epost
adressen din.

Skriv inn koden du har mottatt *

Verifiseringskoden er på vei.
[Ikke fått koden?](#)

Neste

3:

VELKOMMEN

Her er det trygt og reklamefritt!
Les vår [Personvernerklæring](#).

E-post *

[redacted]r@hotmail.com

Mobilnummer

Fullt navn *

Fullt navn, adskilt med mellomrom.

Vi foreslår en passordsetning. Det er lettere å huske, og sikrere når det blir lengre. Bruk minst 12 bokstaver fordelt på 3 eller flere ord. For eksempel "tre glade mus danser"

Passord *

Skriv passordsetningen din en gang til *

Ved å opprette en brukar, godkjenner du våre [brukervilkår](#)

Ny brukar

KORLEIS BLI ARRANGØR?

1: Klikk på «Bli arrangør» oppe til høyre.

1: Klikk på «Bli arrangør» oppe til høyre.

Fyll ut kontaktinfo om laget/organisasjonen. Legg gjerne til heile styret/trenarteamet som kontaktpersonar.

2: Legg til bilete og evt logo. Fyll inn lenkjer til nettstad/sosiale medier om laget/organisasjonen har dette.

2: Legg til bilete og evt logo. Fyll inn lenkjer til nettstad/sosiale medier om laget/organisasjonen har dette.


3: Gå gjennom sikkerhetsinnstillingar, og trykk «lagre»

3: Gå gjennom sikkerhetsinnstillingar, og trykk «lagre»

KORLEIS KOBLE ARRANGØRSIDE OPP MOT FRITIDSKORTET

Merk at det i nokre kommunar heiter «Fritidskonto» i staden for «Fritidskortet». Vi jobbar med å få Friskus til å endre dette til «Fritidskort» på Friskus Kvinnherad.

For å få laget/organisasjonen kobla opp mot Fritidskortet må du gå inn på arrangørsida. Døme under henta frå Omvikdalen Idrettslag si side:



1: Trykk på «Fritidskonto», scroll deretter ned til «Aktiver betaling med Fritidskonto».

The image shows a screenshot of a web form titled 'Aktiver Fritidskonto betaling'. The form has a close button (X) in the top right corner. It contains the following elements: a checked checkbox for 'Aktiver Fritidskonto betaling', a text field for 'Kontonummer' with a warning message 'Pass på at kontonummer er likt som på faktura! *', a paragraph explaining the importance of correct bank information, a checkbox for 'KID er påkrevd', a text field for 'Link til egen side hvor man registrerer seg som medlem *', a large text area for 'Fyll inn hva dere tilbyr og hva prisen er', a paragraph with a disclaimer 'På vegne av denne organisasjonen bekrefter jeg at vi kvalifiserer til betaling med Fritidskonto (sjekk bestemmelser for din kommune)', and two buttons at the bottom: 'Avbryt' and 'Bekreft'.

2: Friskus presiserer følgende:

«OBS: Betalingsinformasjon må være likt som på faktura til medlem/deltaker. Vær sikker på at kontonr. stemmer og at dere huker av riktig på bruk av KID eller ikke. Kontroller mot en utsendt faktura. Hvis det registreres feil betalingsinformasjon – vil alle betalinger bli avvist av banken.»